



Aud Åsne Kvamme

Dato: 23.05.2016  
Vår ref.: 2016/1922-34  
Saksbehandlar: marvirk  
Dykkar ref.:

## Investeringsmidlar 2016 - Garnes vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til gaming PC, oppgradering av fotostudio, scenerigg gymsal og oppgradering av personalrom. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Garnes vidaregåande skule er dessverre ikkje innvilga midlar til desse formåla i denne omgang, men me må ha ein snarleg dialog angående behov for investeringsmidlar i samband med endring av læreplanen for MK frå hausten 2016.

Det er dessutan satt av nokre midlar som skal fordelast i månadsskiftet september/oktober. Garnes vidaregåande sin søknad om midlar til gaming PC, oppgradering av fotostudio, scenerigg gymsal og oppgradering av personalrom vil bli tatt med i denne vurderinga.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Birthe Andersen Haugen  
Cathrine Øvredal Mellingen